



Helsing frå ombodet:

For likestilling – mot diskriminering

For likestilling – mot diskriminering

Høvet til å leve eit godt liv heng saman med at grunnleggjande demokratiske prinsipp om likeverd blir følgt opp.

Ombodet skal arbeide mot diskriminering. Ein viktig føresetnad for dette er at den som meiner seg diskriminert tek kontakt med ombodet.

Det skal vere enkelt å følgje lovene. Ombodet vil bidra til å spreie informasjon om korleis ein kan unngå diskriminering.

Ombodet skal vere ein pådrivar for likestilling for alle. Vi vil bidra med kunnskapen vår og erfaringane våre i samfunnsdebatten.

Vi skal ikkje vere for tålmodige på vegne av dei som lir urett. La oss hjelpe kvarandre til å skape eit godt samfunn ved å førebyggje, hindre, avdekkje og reagere mot den urettferda som mangel på likestilling og diskriminering inneber!

Med vennleg helsing

Beate Gangås
Likestillings- og diskrimineringsombod

Kontaktinformasjon

Likestillings- og diskrimineringsombodet
Postboks 8048 Dep
0031 Oslo
Grensen 5 (besøk)

Telefon: 24 05 59 50
Faks: 24 05 59 60
E-post: post@ldo.no

Internett: www.ldo.no



Likestillings- og
diskrimineringsombodet



Likestillings- og
diskrimineringsombodet



Eit nytt offentleg apparat som
arbeider for likestilling og mot
diskriminering



Likestillings- og diskrimineringsombodet vart oppretta 1. januar 2006. Ombodet skal bidra til å fremme likestilling og kjempe mot diskriminering.

Ombodet arbeider mot diskriminering på grunn av kjønn, etnisitet, seksuell orientering, funksjonshemming, alder med vidare.

Ombodet er lovhandhevar og pådrivar for likestilling i samfunnet.

Likestillings- og diskrimineringsombodet handhevar følgjande lover:

- Lov om likestilling mellom kjønna (likestillingsloven)
- Lov om forbod mot diskriminering på grunn av etnisitet, religion mv. (diskrimineringsloven)
- Kapitlet om likebehandling i arbeidsmiljøloven
- Diskrimineringsforboda i bustadloven

Den som meiner seg utsett for diskriminering kan legge fram saka si for ombodet som gir ei utsegn. Ombodet gir også generelle råd og rettleiing om diskriminering.

Ombodet sine utsegn kan klagast inn for Likestillings- og diskrimineringsnemnda. Nemnda kan pålegge tvangsmulkt til dei som ikkje rettar seg etter nemnda sine vedtak.

Arbeidet for likestilling handlar også om å peike på urettferd i samfunnet. Likestillings- og diskrimineringsombodet skal mellom anna:

- Avdekkje og påpeike høve som hindrar likestilling og likebehandling
- Bidra til bevisstgjerjing og vere ein pådrivar for endring i haldningar og åtferd
- Gi informasjon, støtte og rettleiing i arbeidet for å fremme likestilling og motarbeide diskriminering
- Gi råd og rettleiing om etnisk mangfald i arbeidslivet til arbeidsgivarar i offentleg og privat sektor
- Overvake art og omfang av diskriminering og formidle kunnskap og bidra til å utvikle kompetanse
- Vere ein møtestad og eit informasjonsentrum for samarbeid mellom aktuelle aktørar

Likestillings- og diskrimineringsombodet ønskjer å utveksle erfaring nasjonalt og internasjonalt. Ombodet skal også sjå til at norsk rett og forvaltningspraksis samsvarar med Noregs plikter etter FNs kvinnekonvensjon og FNs rasediskrimineringskonvensjon.

Kven kan bruke Likestillings- og diskrimineringsombodet?

Alle kan vende seg til Likestillings- og diskrimineringsombodet. Ombodet driv opplysningsarbeid og tilbyr støtte og rettleiing til arbeidsgivarar, styresmakter, organisasjonar og andre som søkjer råd om likestilling og diskriminering.

Saksbehandlninga er gratis.